

## **Reglement for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane**

Vedteke av fylkesutvalet i sak nr 236/92 med heimel i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8.11.1991, nr 76.

### **§ 1 Val og samansetnad**

- Eldrerådet skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer.

- Valretten ligg til fylkesutvalet.- Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i fylket.

- Rådet vel sjølv leier og nestleiar blant alderspensjonistane.

- Fylkespensjonistforeiningar har rett til å kome med framlegg om medlemmer.

- Funksjonstida følgjer den fylkeskommunale valperioden.

### **§ 2 Oppgåver**

- Eldrerådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunen.

- Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

- Eldrerådet skal i alle høve ha følgjande saker til handsaming: Årsbudsjett, langtidsbudsjett, fylkesplan, og elles sektorplanar som har særleg interesse for eldre.

- Plikta til medverknad vil såleis gjelde tiltak og planar i sosial- og helsesektoren, samferdslektoren og kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre fylkeskommunale tiltak som vedkjem eldre.

- Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

### **§ 3 Møta**

a) Rådet held møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemmene ber om det.

b) Innkalling skal skje med minst seks dagars varsel. Saksdokumenta skal vanlegvis sendast ut saman med innkallinga.

c) Rådet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmene er til stades. Står røystene likt, er møteleiaren si røyst avgjerande.

d) Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfella sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må eldrerådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkomande organ handsamar saka. Målsetjinga er at eldrerådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.

e) Det skal førast møtebok frå møta. Utskrift av møteboka skal sendast medlemmene, varamedlemmene og fylkesrådmannen. Protokollen skal følgje saksdokumenta til folkevalde organ som tek endeleg avgjerd i saka.

f) For øvrig gjeld reglane i lov om kommunar og fylkeskommunar for rådet.

### **§ 4 Økonomi**

- Rådet disponerer eige budsjett til dekking av møte- og reiseutgifter og andre driftsutgifter.

- Medlemmene skal ha godtgjering for arbeide i rådet i samsvar med Regulativ for folkevalde.

- Reise- og opphaldsutgifter vert dekkja etter det kommunale reiseregulativet.

### **§ 5 Sekretariat**

- Fylkeskommunen held sekretariat for rådet, eventuelt som felles sekretariat med andre råd.

### **§ 6 Årsmelding**

- Rådet utarbeider kvart år ei årsmelding om aktiviteten sin. Meldinga skal leggjast fram for fylkestinget.